



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Handlingsprogram for Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane

2012-2015



Handlingsprogram for Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane 2012–2015

Fagopplæringsnemnda er fagopplæringa sitt utøvande faglege organ i fylket. Paragrafane 12-3 og 12-4 i opplæringslova omhandlar kva reglar som gjeld for oppnemning av nemnda og kva arbeidsoppgåver nemnda skal ha. Nemnda skal ha særleg fokus på fire hovudområde:

- *kvalitet*
- *dimensjonering*
- *rådgeving*
- *regional utvikling*

Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015 «God – betre-best», med tilhøyrande handlingsprogram, vil i tillegg til Opplæringslov med forskrifter leggje føringar for fagopplæringsnemnda sitt handlingsprogram.

Det vedtekne mål- og strategidokumentet har følgjande inndeling:

1. Innleiing
2. Utfordringar for vidaregåande opplæring
3. Mål for opplæringa
4. Framtid og organisering

Ei utfordring for vidaregåande opplæring er den relativt store nedgangen i elevtal i åra framover. Det vil gje særlege utfordringar i høve til å halde breidde og kvalitet i opplæringstilbodet. Med færre ungdommar vil det bli endå meir krevjande å få godt samsvar mellom ungdommen sine val og arbeidslivet i fylket sine behov for faglært arbeidskraft. Ein ønskjer i tillegg å ha stabilitet og omstillingsevne i opplæringstilbodet.

I kapittel 3 – Mål for opplæringa – er det følgjande fellessatsingar for opplæring i skule og bedrift:

- Gjennomføring/Ny GIV
- Vurdering
- Skuleeigarrolla
- Danning

Særskilte satsingar for opplæring i bedrift:

- Kvalitet
- Rett dimensjonering på opplæringstilbodet

Til dei ulike satsingane er det formulert delmål og strategiar for å nå måla.

I det vedtekne handlingsprogrammet knytt til mål og strategidokumentet er kvar strategi følgt opp med konkrete tiltak.

Fagopplæringsnemnda har i sitt handlingsprogram lagt vekt på føringa i Opplæringslova m/ forskrifter og vedteke mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane med tilhøyrande handlingsprogram.

HOVUDSATSINGSOMRÅDE FOR FAGOPPLÆRINGSNEMNDA

1.1. Yrkesretteiing

Mål:

- Dei som søker vidaregåande opplæring skal ha best mogleg grunnlag for sine val

Delmål:

- Auka kunnskap og informasjon om fag- og yrkesopplæring
- Betre status for yrkesfaga
- God kjennskap til vidare karrierevegar for fagarbeidarar
- Godt klima for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv

Tiltak:

- Vere pådrivarar til
 - at det blir utvikla gode modellar for utdanningsval og prosjekt til fordjuping
 - at alle utdanningsløp innanfor opplæring i bedrift blir gjort kjende for søkjarar, lærebedrifter, foreldre, rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande opplæring
 - å aktivt stimulere til kompetanseheving hjå rådgjevarar, karriererettleiarar og kontaktlærarar, t.d. gjennom næringsreiser
 - at PPT har god kompetanse om opplæring i bedrift
- Delta på den årlege rådgjevarsamlinga
- Støtte opp om ungt entreprenørskap sine yrkesorienteringsprogram

1.2 Dimensjonering

Mål:

- Fagopplæringsnemnda skal vere sentralt rådgjevingsorgan og ha reell innverknad på opplæringstilbodet i fylket

Delmål:

- Samanhengen i vidaregåande opplæring, er tydeleg, og fag- og yrkesopplæringa i skule og bedrift blir heilskapleg
- Dimensjoneringa av opplæringstilbodet i skule harmoniserer betre med tal tilgjengelege læreplassar
- Samarbeid med næringslivet gjer det lettare å kunne føresei framtidige behov for opplæring i bedrift
- Ha arenaer der næringslivet får spele inn sine kortsiktige og langsiktige behov for kompetanse

Tiltak:

- I samarbeid med opplæringskontora og bransjane framskaffe oversikt over behovet for arbeidskraft og tilgang på læreplassar
- Nemnda si tilråding når det gjeld opplæringstilbodet må tilleggast stor vekt
- Arbeide for å skaffe fleire lærebedrifter og fleire læreplassar
- Arbeide for at godkjende lærebedrifter er aktive lærebedrifter
- Stimulere til aktivt samarbeid mellom vidaregåande skular og arbeids- og næringsliv i fagnettverka

1.3 Formidling

Mål:

- Arbeide for effektive og gode formidlingsprosessar, og at så mange som mogleg gjennomfører ei 13-årig grunnopplæring

Delmål:

- At arbeids- og næringsliv tek Samfunnskontrakten på alvor
- Mindre fråfall i overgangen vidaregåande skule – bedrift
- At formidlingsprosessen vert betre
- Alle søkjarane er sjølve aktive i arbeidet med å skaffe seg læreplass

Tiltak:

- Etterspørje aktiv bruk av prosjekt til fordjuping i overgangen skule – bedrift
- Stimulere til at lærlingar vert «ettertrakta» i arbeids- og næringslivet
- Få alle bedrifter til å ta i bruk formidling via web
- Stimulere til at teikning av lærekontrakt i størst mogleg grad skjer før sommarferien
- Gjennom nettverksarbeid skule - bedrift få avklare forventningar og utfordringar i overgangen frå elev til lærling/lærekandidat

1.4 Kvalitetssikring av opplæring i bedrift

Mål:

- Arbeide for at lærlingar og lærekandidatar møter ei opplæring dei kan meistre og vekse på, og at dei oppnår ein dokumentert og etterspurd kompetanse

Delmål:

- Aktive lærlingar/lærekandidatar som er bevisste på rettane og pliktene i eit læreforhold
- Kompetansen til faglege leiarar og instruktørar er betre
- Gode prosessar ved oppnemning av prøvenemndsmedlemmer
- Prøvenemndsmedlemmer, instruktørar og faglege leiarar har gode arbeidsvilkår

Tiltak:

- Sjå til at fylkeskommunen har gode system for oppfølging av opplæring i bedrift
- Foreslå tiltak som følgje av lærling- og instruktørundersøkingar
- Stimulere til auka bruk av hospiteringsordningar
- Påverke til at kompetente og motiverte fagarbeidarar tek oppgåver som faglege leiarar, instruktørar og medlemmer i prøvenemnder
- Bidra til at det er gode rammer for å auke den pedagogisk kompetansen for instruktørar og faglege leiarar
- Møte bedrifter i samband med møta i fagopplæringsnemnda, og etterspørje kvalitet i opplæringa

1.5 Internasjonalisering

Mål:

- Vidaregåande opplæring tilfører fylket impulsar og ny kunnskap gjennom utvekslingstiltak og anna internasjonalt arbeid
- Fleire internasjonaliseringstiltak for lærlingar, lære kandidatane, instruktørar og faglege leiarar

Delmål:

- Fleire har utvikla internasjonaliseringskompetanse
- Arbeids- og næringslivet ser moglegheitene som ligg i internasjonale prosjekt

Tiltak:

- Medverke til at lærebedriftene og lærlingane/lære kandidatane er orienterte om dei ulike utvekslingsprogramma
- Stimulere til at lærebedrifter, opplæringskontor og opplæringsringar skaffar seg internasjonal erfaring som er relevant i forhold til fag og utdanning
- Bidra til at erfaringar frå internasjonalt samarbeid vert delt med andre (bedrifter, opplæringskontor og bransjar)
- Arbeida for betre tilskotsordningar for utveksling også utafor EU

1.6 Marknadsføring – utviklingsarbeid

Mål:

- Fag- og yrkesopplæring er kjent og anerkjent som sjølvstendig utdanning og som utgangspunkt for vidare kompetansebygging

Delmål:

- Meir forsøks- og utviklingsarbeid innan fag- og yrkesopplæringa
- «Lærebedrift» er eit kvalitetssymbol
- Fagarbeidaren sin status er høgare også som ståstad for vidare kompetansebygging

Tiltak:

- Medverke til at karrierevegar innan yrkesutdanning er godt kjende, særleg for alle som driv yrkes- og karriererettleiing
- Informere om arrangement og andre viktige oppgåver knytt til fagopplæringsnemnda sitt arbeid
- Stimulere lærlingar/unge fagarbeidarar til å delta i konkurransar og meisterskap på nasjonalt og internasjonalt nivå
- Syte for at lærlingar og lærebedrifter som når opp i ulike meisterskap får ekstra merksemd

1.7 Samfunnsrolla

Mål:

- Sogn og Fjordane fylke har ei berekraftig utvikling

Delmål:

- Dyktige og samfunnsengasjerte innbyggjarar
- Lokalsamfunnet er ein naturleg læringsarena, og ein gjer seg nytte av kompetansen dei vidaregåande skulane tilbyr
- Deltaking, demokrati og danning har ein viktig plass i opplæringa
- Nyskaping og innovasjon er meir vanleg

Tiltak:

- Bidra til forpliktande samarbeid/partnerskapsavtalar mellom skule og lokalt arbeids- og næringsliv
- Leggje til rette for at næringsliv og skule samarbeider om kompetansehevingstiltak
- Støtte aktivt opp om entreprenørskapssatsingar i fylket



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Opplæring
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 61 01
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Foto: Knut Grinde